



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 10.11.2016
Vår ref.: 2016/11053-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/2495 - 16/19867

Att. Lillian Straumøy Brakstad

Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen for frådeling av areal til fritidsbusetnad - Husebø - gnr 54 bnr 1 - Meland kommune

Viser til brev datert 18.10.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at søknaden om frådeling av areal til fritidsbusetnad kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Det aktuelle området har topografiske trekk som gjer at det er potensial for funn frå steinalder. Forholdet til både automatisk freda og nyare tids kulturminne må avklarast på reguleringsplannivå. Undersøkningsplikten etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt før reguleringsplanen kan godkjennast.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknad til søknad om frådeling av areal til fritidsbusetnad når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser, så framt krav om reguleringsplan oppretthaldast.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.